



Hans Henrik Fanebust
Mangersnesvegen 75
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/629 - 23/6152

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
26.06.2023

Melding om retting av manglar i matrikkelen gbnr 50/2 og 50/4 Bukkedalsstølen

Matrikkelen er Noregs offisielle eigedomsregister og inneheldt informasjon om eigedomar, bygningar og adresser. Kartverket sender regelmessig rapportar frå matrikkelen med feil/manglar til kommunane. Det er registrert tre bygningar på Bukkedalsstølen; ei hytte, ein bygning som ikkje er registrert i matrikkelen og eit sæterhus.

Bukkedalssætra ligg i eit område som manglar matrikkelnummer, det vil sei at området er registrert med matrikkelnummer 0/0. For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, kan vi registrere ein *fiktiv sirkeleigedom* rundt bygningane. Bygningane manglar også adresse. Grunnen til dette er at det ikkje er mogeleg å opprette adresse på ein eigedom som manglar matrikkelnummer.

Under oppmålingsforretninga i Litlekupa 22.06.23, stadfesta Walter Fosse at bygningen lengst vest er hans sæterhus. Bygningen er registrert i matrikkelen som *fritidshus*, men av byggesaka frå 1995 går det fram at det er godkjent søknad om oppattføring av sæterhus som vart brent ned under krigen. Det er derfor riktig å rette bygningstype til sæterhus.




Foto frå byggesak ny jakthytte datert 1999

Hytta tilhørende gbnr 50/4 eigd av Hans Henrik Fanebust, er ikkje registrert i matrikkelen. Det går fram av byggjesak frå 1999 at hytta er ei «*jakthytte*» og har fått ferdigattest 05.05.2011. Denne er no registrert i matrikkelen i samsvar med byggjesaka.

Av matrikkelen går det fram at bygningen i nordaust også er eit sæterhus. Bygningen er registrert i SEFRAK-registeret og vart registrert som kulturminne i 1978. Her går det fram at bygningen er «*løe i utmark*» til «*lagring av stråfor*». Det vert derfor riktig å rette bygningskoden frå sæterhus til utløe/hus for dyr/lager.

For å knyte bygningane til riktig eigedom/eigar, vert det registrert ein sirkeleigedom rundt bygningen i vest med matrikelnumemr 50/2 og ein sirkeleigedom rundt bygningane i aust med matrikelnummer gbnr 50/4.

Tildeling av offisiell adresse er ein del av offentleg infrastruktur, der hovudføremålet er å gjera det lettast mogleg for ulike adressebrukarar å finna fram. Det går fram av adresseplanen at bygningane var tiltenkt adresse Fagerbotnen 50 og 51. Adressetildelinga vert no gjennomført slik at sæterhuset til Walter Fosse får tildelt adresse Fagerbotnen 50 og hytta til Hans Henrik Fanebust får tildelt adresse Fagerbotnen 51.



Kartutsnitt som viser området etter at matrikkelen/matrikkelkartet er retta

Melding om retting gbnr 50/2

Det vert oppretta ein *sirkeleigedom* rundt bygningen lengst vest som tilhører gbnr 50/2.

Bygningskoden for huset på gbnr 50/2 (Walter Fosse), vert endra frå fritidshus til sæterhus i tråd med byggjesaka frå 1995.

Sæterhuset tilhørende gbnr 50/2 får tildelt offisiell adresse Fagerbotnen 50.

Melding om retting gbnr 50/4

Det vert oppretta ein *sirkeleigedom* rundt bygningane i aust som tilhøyrer gbnr 50/4.

Bygningskoden for uthuset på gbnr 50/4, vert endra frå sæterhus til utløe i tråd med SEFRAK-registreringa frå 1978.

Hytta på gbnr 50/4 vert registrert i matrikkelen i tråd med byggjesaka frå 1999.

Hytta tilhøyrande gbnr 50/4 får tildelt offisiell adresse Fagerbotnen 51.

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Dersom de ønskjer å få retta eigedomsgrensene og registrere riktig matrikelnummer på eigedomen, kan de sende krav om retting til kommunen. De finn meir informasjon om dette på Masfjorden kommune sin heimeside her; <https://www.masfjorden.kommune.no/innhald/bygg-og-eigedom/kart-og-oppmaling2/endre-bygningsopplysningar-i-matrikkelen/>

Ta kontakt med meg på telefon 90619603 dersom de har merknader eller informasjon til dette.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Hans Henrik Fanebust
Walter Fosse

Mangersnesvegen 75
Bjørndalsbrotet 70

5936
5170

Manger
Bjørndalstræ